

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtested:** Telefonmøte

**Dato:** 15.06.2012

**Tidspunkt:** 09:00 – 09:25

## Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	Leiar	Lom kommune
Ivar Kvalen	Nestleiar	Luster kommune
Vidar Eltun	Medlem	Vang kommune
Arild Ingar Lægreid	Medlem	Årdal kommune
Iselin Jonassen	Medlem	Vågå kommune
Jørand Ødegård Lunde	Medlem	Oppland fylkeskommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frida Melvær	Medlem	Sogn og Fjordane f.k.

## Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Aleksander Øren Heen	Frida Melvær	Sogn og Fjordane f.k.

## Merknader

Møtet er kalla inn på kort varsel, og vert gjennomført som telefonmøte.  
Dette fordi fleire søknader som krev styrebehandling kom inn etter 8. juni

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar / møtesekretær

**Underskrift:**

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sten Bakken

Jan Arne

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 26/2012	Godkjenning av protokoll/innkalling	2003/4333
	Referatsaker	
RS	Rapport 2012 - Galdhøpiggenet	2011/3392
RS	Vegen i Veodalen - behov for reparasjon etter utgraving ved Bergenussa	2012/193
ST 27/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Reetablering av meteorologiske målestasjon på Fannaråki - Meteorologisk institutt	2012/4003
ST 28/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - motorferdsel - 2012 - Bruk av skuter til utkøyring av salt og buføring og salting av snø ved buføring - Utladalen Sameige	2012/4002
ST 29/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2012 - Samle lav - De naturhistoriske samlinger Universitetet i Bergen	2012/4043
ST 30/2012	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk - DNT Oslo og Omegn	2012/4042

## **ST 26/2012 Godkjenning av protokoll/innkalling**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 15.06.2012**

#### **Vedtak**

Protokoll frå møte 30. mai 2012 godkjent.

Ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Mai Bakken og Ivar Kvalen vart valde til å skrive under protokollen for møte 15.06.12

#### **Referatsaker**

**Rapport 2012 - Galdhøpiggenet** 2011/3392

**Vegen i Veodalen - behov for reparasjon etter utgraving ved Bergenussa** 2012/193

## **ST 27/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Reetablering av meteorologiske målestasjon på Fannaråki - Meteorologisk institutt**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 15.06.2012**

Jørund Ødegård Lunde foreslo å stryke dei to siste orda i innstillinga. Eit samrøystes styre slutta seg til innstillinga med dette forslaget til justering av ordlyden.

#### **Vedtak**

Med heimel i den generelle dispensasjonsregelen i §48 i naturmangfaldslova vert det gjeve dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1 til Meteorologisk institutt for oppføring av ny målestasjon på Fannaråken. Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Området der den gamle målestasjonen stod, skal nyttast til den nye stasjonen.
- Utforming skal tilpassast terreng og hytta
- Endeleg utforming, tilpassing og plassering skal skje i samråd med nasjonalparkforvaltar.

## **ST 28/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - motorferdsel - 2012 - Bruk av skuter til utkøyring av salt og buføring og salting av snø ved buføring - Utladalen Sameige**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 15.06.2012**

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderar at bruk av inntil 200 kg salt for å lage faste nok snøforhold til buføring av sauer, ikkje vil gje konsentrasjonar av salt som er skadeleg for naturmiljøet. Føresetnadane for denne vurderinga er:

- Salt vert berre brukt når det er strengt naudsynt.
- Salt vert berre brukt der det er naudsynt, dvs. nokre få parsellar.
- Salt skal lagrast forsvarleg slik at det ikkje vert punktavrenning.

Praktisk gjennomføring og omfang skal følgjast opp av forvaltninga.

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.2 gjev Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen løyve til å plassere inntil 2 kassar som kan romme sekkar med salt for Utladalen Sameige. Løyvet blir gjeve med følgjande vilkår:

- Kassane skal berre brukast til lagring av salt.
- Kassane skal vere tette mot regn og avrenning og vere nøytralt utforma.
- Kassane kan plasserast på snøen der ein har erfaring for at snøforholda kan bli farlege i 2012, men må flyttast når det blir snøfritt slik at dei vert minst mogleg skjemma. Minst ein av kassane skal plasserast i samband med hytta til Fjellstyret når den vert sett opp att.
- Kassane skal fjernast dersom dei ikkje er naudsynte for buføringa til Guridalen.

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.3.1 gjev Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen løyve til bruk av skuter til utkøyring av salt (1 tur med inntil 2 skuterar) i forkant av buføringa i 2012 og løyve til å bruke 1 skuter under buføringa av sauer i slutten av juni 2012 (2-3 puljer med sauer). Løyvet blir gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 2012
- Det må vere gode nok snøforhold til skuterkøyring, dvs. skuter skal ikkje lage spor i terrenget.
- Skuter skal ikkje bli lagra innafør vernegrensa.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) skal ha melding seinast dagen før bruk av skuter og rapport om bruk skal sendast nasjonalparkforvaltar innan 1. oktober 2012.

## **ST 29/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2012 - Samle lav - De naturhistoriske samlinger Universitetet i Bergen**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 15.06.2012**

## **Vedtak**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får De naturhistoriske samlinger, Universitetet i Bergen v/ professor Tor Tønsberg dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.1 for innsamling av lav i tråd med søknad datert 12.06.2012. Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for sesongane 2012 og 2013.
- Det skal berre samlast inn det som er nødvendig for artsbestemming, dokumentasjon og eventuelle analysar av utvalde artar/slekter.
- Uttaket må ikkje vera av slik omfang at det kan medføre fare for at artane kan forsvinne eller få vesentleg tilbakegang frå sitt naturlege miljø innan nasjonalparken.
- Det skal ved avslutta prosjekt leggjast fram ein enkel rapport til nasjonalparkforvaltninga om resultata av undersøkingane, med artsliste, lokalisering og raudlistestatus.

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

## **ST 29/2012 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk - DNT Oslo og Omegn**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 15.06.2012**

## **Vedtak**

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.3.2 får DNT Oslo og Omegn i tråd med søknad av 12.06.12 dispensasjon for transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk i samband med godkjent byggjearbeid på Glitterheim.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Transporten følgjer bilvegen frå nasjonalparkgrensa inn til Glitterheim Turisthytte.
- Transporten skal så langt det er mogleg skje på vekedagane måndag – torsdag.
- Uttransport av rivingsmateriale skal så langt det er praktisk mogleg skje ved returtransport etter innkjøring av materialar og utstyr.
- Dispensasjon blir gjeve for omsøkt tidsrom, 20. juni – 28. september.
- Det skal sendast ein kortfatta samlerapport med datoar for dei enkelte transportoppdraga når tiltaket er gjennomført.